



# SAKSUTGREIING

ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Komite Forvaltning	10.11.2016	101/16
Etne kommunestyre	15.12.2016	084/16

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Roar Bævre	N - 504	15/1030

## Detaljregulering for naustområde Gjerdsvik 2. gongs handsaming

### TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 12-12 vert framlegg til detaljregulering for Naustområde Gjerdsvik, plan id 201305, godkjend slik det ligg føre.

Plankartet er dagsett 16.02.2016 og føresegnene er dagsett 01.12.2015

### 15.12.2016 Etne kommunestyre

#### K- 084/16 Vedtak:

##### Samrøystes

Med heimel i Plan- og bygningslova § 12-12 vert framlegg til detaljregulering for Naustområde Gjerdsvik, plan id 201305, godkjend slik det ligg føre.

Plankartet er dagsett 16.02.2016 og føresegnene er dagsett 01.12.2015

### SAKSUTGREIING:

#### Innleiing (bakgrunn for saka)

2. gongs handsaming av Detaljregulering for Naustområde Gjerdsvik. Gnr/bnr 11/1, 12/1, 12/30, gnr. 13/6 13/7 og 15/1 med fleire.

Føremålet med planen er bygging av 18 naust til fleire grunneigarar som har naustrett i Gjerdsvika, samt brygger og parkeringsanlegg. I tillegg kjem to andre naust som ikkje er relatert til forslagstillarane.

Planen blei 1. gongs handsama i komité forvaltning i sak 026/15 den 30.04.2015. og blei lagt ut til offentlig høyring med merknadsfrist 09.07.2015. Det har kome inn 10 merknader der 4

er frå private og 6 frå offentlege instansar.

Både fylkesmannen NVE varsla motsegn mot planen. Dei hadde to punkt kvar. Fylkesmannens punkt gjekk ut på høgdene og omfanget til nokre av nausta og manglande moglegheit for allmenta å koma seg rundt nausta på framsida. NVE sine punkt gjekk ut på flaum og rasfare i bekkane i området samt sikring av kantvegetasjon mellom bekken i nord og det nordlegaste naustet. Fagkunnig leverte eit justert planforslag som og hadde ei skredvurdering som ein del av ROS analysen. Søknad om trekking av motsegn blei sendt inn, men NVE av slo søknaden fordi dei ikkje var nøgd med arbeidet som blei gjort. Skred og flaumvurdering blei så utført av Multiconsult, og dei leverte så ein rapport som konkluderte med at planområdet er trygt for naturfarane som er blitt vurderte. Altså inga skredfare og liten sannsyn for at bekkane kan erodere massane i planområdet. Motsegna mot planen frå både fylkesmannen og NVE blei trekt 12.10.2016. Materialet frå Multiconsult er vedlagt denne saka.

### **Problemstilling**

Her er fagkunnig sine kommentarar til dei innkomne merknadane dagsett 01.12.2015 med ein liten revisjon dagsett 25.10.2016 som gjeld merknadane frå fylkesmannen og NVE.

### Innkome merknader frå offentlege instansar

#### Fylkesmannen i Hordaland – samordna uttale, 23.06.2015

Til reguleringsplanforslaget ligg det før motsegn frå både NVE og Fylkesmannen. NVE har oversendt brev til Fylkesmannen 12.06.2015 med grunnlag til motsegn. Motsegna vert ikkje avskorne av Fylkesmannen, og vert difor fremma. Sjå nærare skildring av innhaldet til motsegna frå NVE under eige overskrift.

Fylkesmannen har motsegn til planen i høve til tillaten storleik på, og utforming av nausta, samt motsegn knytt til at ålmenta sin rett til ferdsle langs strandlinja ikkje er godt nok sikra i planen. Fylkesmannen peiker på at planen ikkje er i samsvar med overordna kommunedelplan grunna storleiken på naust, og at areal for tilskipingar av felles karakter i andre høgda ikkje er i samsvar med føresegnene for naust i kommunedelplanen.

Fylkesmannen meiner at den maksimale mønehøgda er i strid med nasjonale og regionale føringar for strandsoneforvaltinga, og har tidelegare røynsle for at slike store naust vert bruksendra i etterkant. Når det gjeld ålmenta sin ferdsle peikar Fylkesmannen på at sosi-kode for felles kai saman med føresegner som ikkje nemner ålmenta si ferdsle vil stengje for ålmenta, og at sosi- koden saman med føresegner må ta større omsyn til ålmenta sine interesser.

Fylkesmannen legg til grunn at Etne kommune vil arbeide vidare med planen i samarbeid med NVE og Fylkesmannen med sikte på å kome motsegnspunkta i møte.

### Kommentar

Etter nærare samtale med representant for tiltakshavarane, er missnøya frå både naboar og offentlege instansar i å byggje doble naust med felles areal i andre høgda vurdert, og desse nausta er teken ut av planen. Ålmenta si rett til ferdsle er styrka gjennom å korte ned på breidda på nausta til Gjerdsgardane slik at avstand til sørlegste bekk vert større. Her flatar terrenget ut, og det er meir naturleg å gå inn på naustområdet frå denne sida. I området der bekken renn ut i nord er det brattare, meir vegetasjon, og det er eit naturleg lite nes som gjer at gåande vil krysse bekken lenger oppe mot vegen eller over brua. Herfrå vil det vere god tilgang til naustområdet.



Foto teken frå sør mot nord. Den sørlegaste bekken syner nedst. Kjelde: Omega Areal AS

Nytt naust sør for den sørlegaste bekken på 15/1 er plassert langs nordsida av dei gamle murane. Dette gir meir rom mellom naust og sjø, og er med på å styrkje tilgjenga langs strandsona.

Det er i føresegnene sett inn ei setning om at ålmenta si tilgjenge skal sikrast, også på framsida av nausta. Då breidda på nausta til Gjerdsgardane er korta ned, er lengda på nausta tilsvarende auka, samtidig som maksimal grunnflate ikkje skal overstige 40 m<sup>2</sup> jf. kommunedelplanen.

I kommunedelplanen for Etnesjøen står det følgjande:

*3.8.2 NA1: Eksisterande naustrettar tilhøyrande Gjerdsgardane skal byggjast i samanheng sør i området. I resten av naustområdet skal det vere fellesanlegg med opningar, grønne lungar med vegetasjon, mellom gruppe av naust. Ein skal samle mest mogleg felles funksjonar (båtopptrekk, tilkomst, parkeringsplass, brygger, felles opphaldsplass osv.). Nausta i gruppene skal ha same utforming. Det skal vere høg utnytting: Storleik på naust skal maksimalt vere 40 m<sup>2</sup> grunnflate. Naust skal ha saltak med ein takvinkel på mellom 35 og 45 grader. Altan/ utkraging er ikkje tillete. Det er ikkje tillete med gjerder, levegg eller andre stengsle i naustområdet. Naust skal ikkje brukast til overnatting. Båtopptrekk og/eller andre nødvendige konstruksjonar skal vere lov å bygge framfor funksjonell strandsona. (Pbl § 11-11 nr. 2).*

Etter at dei doble nausta (og medfølgjande fellesareal i andre høgda) er teken ut av planen, samsvarar reguleringsplanen med kommuneplanen. Rettane til Gjerdsgardane ligg mellom dei to bekkane i området, og er planlagt bygd i samanheng slik det kjem fram av føresegna til NA1.

Den sørlegaste delen av området på 15/1 er det nye naustet planlagt saman med eksisterande naust/ murar. På denne måten vert det sikra naust i samanheng, og ikkje frittliggjande naust. Dette området er også ein del av NA1 i kommunedelplanen, og slik det kjem fram av føresegna skal resten av naustanlegga i området byggjast i grupper og med lik utforming.

Med bakgrunn i motsegn frå Fylkesmannen og NVE, så er det gjort nærare vurderingar rundt skred- og erosjonsfare mm, og Multiconsult AS har utarbeidd ein rapport. Denne rapporten saman med føreslåtte endringar etter offentleg høyring er sendt til fylkesmannen og NVE for ny vurdering, og motsegn til planforslaget er nå trekt.

NVE til Fylkesmannen i Hordaland, 12.06.2015

NVE har fremja motsegn til planforslaget på to punkt:

- Potensiell skredfare mot planlagt byggeområde er ikkje tilstrekkeleg utgreidd. Dersom det vert gjennomført ei faresonekartlegging og konklusjonar frå denne vert innarbeidd i plankart og føresegnar, fell grunnlaget for motsegnet bort. Det må definerast faresonegrenser i samsvar med TEK10, og ev. fareområde må innarbeidast i planen med omsynssone og tilhøyrande føresegn som sikrar akseptabel tryggleik.
- Planlagt utbygging er plassert så tett på to elvar at det ikkje er mogeleg å oppnå tilstrekkeleg erosjonssikker utbygging samstundes som omsynet til kantvegetasjon kan takast i vare, jf. VRL §11. Det må gjerast ei vurdering av erosjonsfaren, og konkret vurdere denne opp mot TEK10, og vil ikkje konkretisere avstand mellom elv og naust.

NVE rår vidare til at bekken mellom elvane vert lagt i ei opning i naustrekkja, slik at denne kan renne naturleg til sjø, og ikkje vert flytta eller lagt i røyr.

#### Kommentar

Det er gjort ei nærare utgreiing av potensiell skredfare og vurdering kring bekkane i område i rapport frå Multiconsult AS. Sjå elles kommentarar over. Motsegna til planforslaget er nå trekt.

#### Statens vegvesen, 26.06.2015

Statens vegvesen viser til at problemstillinga kring auka trafikkauke i Mørkelikrysset er drøfta i planomtalen, at nausteigarane vil truleg vere busette nord for planområdet, og at nausta ikkje skal nyttast til overnatting.

Vegvesenet ber om at dette vert tatt inn i føresegnene.

#### Kommentar

At nausta ikkje skal nyttast til overnatting var del av føresegn 2.3.7. i høyringsutgåva.

#### Mattilsynet, 12.60.2015

Mattilsynet har ikkje innvendingar mot reguleringsføresegnene, men dei kan med fordel ha med at drikkevatnet skal vere frå godkjent vassverk.

#### Kommentar

Setningen som førespurt er innarbeidd fellesføresegnene.

#### Kystverket, 01.06.2015

Kystverket ber om at det vert innarbeidd ein setning i føresegnene om at tiltak som fell inn under hamne- og farvasslova sine føresegnar skal godkjennast av hamnemynde.

#### Kommentar

Den førespurte setningen er tilført fellesføresegnene til planen.

#### Fiskarlaget Vest, 10.06.2015

Det er ikkje fiskeriinteresser i reguleringsområde jf. kart frå Fiskeridirektoratet. Ein ser positivt på at plass til småbåt blir samla i småbåtanlegg, der det ikkje kjem i konflikt med fiskeri, og legg til at eventuelle fortøyingar til småbåtanlegget, og forureining frå hamna, må avgrensast mest mogeleg.

#### Kommentar

Eventuelle fortøyingar til småbåtanlegget, og forureining frå hamna, skal så langt det let seg gjere avgrensast mest mogeleg.

#### Bergens Sjøfartsmuseum, 01.07.2015

Museet kjenner ikkje til at det ligg kulturminne i området, men gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, kreamikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotn vert råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast til ev. frigjeving av området.

#### Kommentar

Dersom det vert gjort funn av kulturminne på sjøbotn som kan verte råka av tiltaket, vil arbeid under vatn straks stogkast og meldt til Bergen Sjøfartsmuseum.

#### Innkomne merknader frå naboar

##### Jan Otto og Gerd Mæland 9/217,

Naboane ynskjer å protestere på utbygginga då dei meiner at denne vil verke øydeleggjande for dei som bur i området, fugleliv, og dei som nyttar stranda. Høgdena på naust og auka trafikkmengd vil øydeleggje for både utsikt og roligheita i området. Også nausta på 5 meter vil skape dårlig utsikt frå hovudetasjen i bustadhuset. Naboane poengterer også at innreiing med kjøkken og bad i naust gjer at bruken vil vere som for hytter.

For å skape variasjon ynskjer naboane at det i staden for 9 meter høge naust vert bygd naust på 3 og 5 meter høgd, og peiker på at det ikkje står kva høgd grunnmurane vil liggje på, og kritisk til at det vert bygd ein lang kai foran nausta. Naboane peiker på at tilkomstvegen til nausta bør skje frå den nordlege enden av nausta, då føreslått plassering vil kome i konflikt med ynskje om å byggje hus med tilkomst frå same område. Det blir også nemnt i brevet at antal naust vil skade ålmenta si tilkomst til stranda mellom vassdraga, som i dag vert nytta som badestrand. Fuglelivet er av naboane definert som rikt, og at svaner beiter der nausta er planlagt, og meiner at det er feil å skrive at det ikkje er noko fugleliv av betydning i området. Det blir opplyst om at det ikkje fins kommunalt vatn i området, og peikar på at det i Vindafjord ikkje er lov å leggje inn i naust til kjøkken. Skriver også at naust BUN4 og 5 øydelegg for utsikta, og meiner desse bør flyttast lenger sør. Naboane nemner at friskt H140 ikkje tek omsyn for dei som bur i området, og legg til grunn at det i helgar og sommar vil kome 10 til 50 bilar pr. dag til nausta

#### Kommentar

Det vil vere urimeleg å stogge utbygginga grunna auka bruk av Gjerdsvik, då det er nettopp naturopplevingane i området som det er ynskjeleg å fremje. Det er uheldig at fuglelivet ikkje kan beite på strekninga mellom dei to bekkane i området, og desse må beite på omliggjande områder.

Til informasjon markerer frisktsonene fri sikt frå avkøyrsla og ut på kommunevegen, og viser ikkje til sikt for bakanforliggjande bygningar.

Tilkomst til nausta er vurdert med tanke på stigningstilhøve og plassering av oppstillingsplassar for bil. Det vil vere vanskeleg å ta ei eventuell tilkomst til framtidig bustadhus i betraktning for plassering av avkøyringa. Det er regulert totalt 10 parkeringsplassar for dei 18 nausta tilhøyrande Gjerdsgardane. At nausta i seg sjølv vil generere opp til 50 bilar er lite sannsynleg, også med tanke på antalet parkeringsplassar som kan opparbeidast jf. plan.

Å leggje inn vatn opnar for moglegheita for å kunne reinse fisk og vaske seg etter kontakt med fisk, dyr og utstyr tilknytt sjø og friluftsliv. Nausta skal ikkje innreist med kjøkken, noko som ein heller ikkje har høve til i eit naust.

Det nye naustet som skal byggjast saman med naust på murar på 15/1 er flytta til nordsida av murane for å betre tilgjenga mellom strandline/ småbåthamn og naust.

### *Følgjande justeringar i planforslaget er føreslått:*

Etter nærare samtale med representant for tiltakshavarane, er det forståing for at det er vanskeleg for naboane å ha kontroll på kva mønehøgda nausta vil liggje på utan restriksjonar i kotehøgda. Det er difor lagt til ei føresegn som set maks. kotehøgda for ferdig gulv nye naust. Naust på murar skal byggjast på murane slik dei ligg i dag, men det er sett krav til maksimal mønehøgda. Det er også laga til eit snitt som synleggjer utsiktstilhøva til bustadane bak - over nausta.

Det er lagt til ei føresegn om at den ålmenne tilgjenga skal oppretthaldast, også på framsida av naust.

Vi har sett missnøya i å byggje doble naust med felles areal i andre høgda, og har difor valt å ta ut desse og erstatta dei med vanlege einskildnaust. Elles er mønehøgda sett i samsvar med krav i kommuneplanen.

Forslaget med 3 meter høge naust vil ikkje bli følgt opp, då dette ikkje er mogeleg sett i høve til kotehøgda golv (+1.5 m), normal gesimshøgda, krav til takform (saltak) og takvinkel (35 – 45 grader).

### Bjørn Helle 9/121 og Johanne Helle 11/13, 06.07.2015

Naboane ynskjer å protestere på utbygginga grunna omfang og nærleik til eigedomane på oppsida av kommunevegen. Naboane peikar på at sidan det ikkje har vore noko interesse om båtliv frå grunneigarane av området i fortida, er det grunn til å tru at nausta er tenkt for å bli lagt ut for sal, og viser til at det i 100 meters beltet skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Naboane fryktar at aktivitet og støy vil øydeleggje rolgheiten Gjerdsvik har i dag. Naboane peiker på at veggen er smal, og at prosjektet er for omfattande over eit så avgrensa område. Meiner at tilkomst til nausta ligg feil, og at det er uheldig med tre innkøyrslar så tett. Naboane opplyser også om at det ikkje fins kommunalt vatn i området, og stiller seg undrande til at det skal leggjast opp til felles kloakk- anlegg, og nemner strenge restriksjonar for utslepp.

Kommenterer vidare på at det ikkje er sagt noko om kotehøgda i føresegnene til planen, noko som gjer at naboane får mindre styring på kor høge nausta vil bli, sett i samanheng med deira utsiktstilhøve. Viser også til Fylkesmannen sin definisjon og bruk av naust, og er urolig for at storleiken på nausta vil føre til annan bruk. Naboane fryktar for at det aukande fuglelivet i Gjerdsvik vert forringa av nedbygging og ureining.

### Kommentar

Planarbeidet er sett i gong grunna eit ynskje om å ta i bruk strandsona som dei har rettar i, med tilhøyrande båtliv og fiske. Fram til no har området vore vanskeleg å nytte til dette føremålet. Det er snakk om mange grunneigarar som ynskjer å utnytte området og dei rettane som dei har, noko som har resultert i utnyttinga som føreslått.

Den funksjonelle strandsona er i plankartet avgrensa med ei byggjegrense mot sjø som erstattar den generelle byggjeforbodssona på 100 meter, noko som også er avklart i kommunedelplanen for Etnesjøen. Som det kjem fram av saksframlegget, er vågen ein grunn terskelfjord med dårlege resipienttilhøve, noko som gjer at planar for kloakkanlegg til sjø vil få strenge krav til reinsing, jf. nyare hytte og bustadfelt rundt vågen.

Sjå elles kommentar til naboane Jan Otto og Gerd Mæland.

### Åge Madsgård 12/30, 10.07.2015

Åge Madsgård viste tidleg interesse i å vere med i reguleringsplanarbeidet som først var varsla også over vedkommande sin eigedom, og stiller seg undrande kvifor han ikkje har

høyrte noko meir i saka før endeleg planforslag vart oversendt.

### Kommentar

Det vart tatt ein beslutning om at dette området ikkje skulle vere med i den vidare planlegginga, då eigedomane som ligg mellom bekken og denne eigedomen ikkje ville vere med på planen. Dersom vi likevel skulle hatt planlagt dette området utan at grunneigarane ynskja det, kunne dette resultere i større ressursbruk og problemstillingar som det var vanskeleg å ta stilling til. At vedkomande ikkje har høyrte noko utover dette er beklageleg, men vedkomande har også hatt høve til å ytre si interesse utover planleggingsprosessen.

### Advokat Kvamme 15/2, 08.07.2015

Advokat Kvamme representerer eigar av 15/2, og kommenterer at planforslaget er i strid med 15/2 sine rettar i området, og at det ikkje er kome inn merknader frå eigar av 15/1 ang. planarbeidet. Det er i planforslaget nemnt rettane til 15/2, men desse er det ikkje teken omsyn til, då det er teikna inn to naust vegg i vegg. Representant legg til grunn at det eine naustet er meint å tilhøyra 15/2, men at plasseringa ikkje stemmer overeins med rettane som eigedomen har. Reguleringsplanen samsvarer ikkje med naustplassering, oppstillingsplass ved siden av naustet, tilkomst frå vegen til naustet, og båtopptrekk/ lunnar frå naust til sjø. Peiker også på at friområdet i sjø og vassdrag, VFS er i hovudsak lagt på 15/1 si side av elva, som innskrenkar 15/1 og 15/2 sine rettar.

### Kommentar

Det er ikkje kome inn noko merknad frå grunneigar av 15/1 til oppstart av planarbeidet, og det er difor heller ikkje kommentert slik merknad. Midlertidig har representant for grunneigarane av Gjerdsgardane vore i kontakt med grunneigar då vi såg utfordringane i dette området. Vi fekk opplyst at grunneigar av 15/1 ikkje var kjent med andre rettar som 15/2 har, anna enn naustet som står att i området i dag. Den nordlege halvdelen av murane har 15/1 rett til.

Vi konstanterer at det er ulike syn på korleis rettar er delt mellom 15/1 og 15/2, og at det kan ta lang tid før dette er rettskaftig avklara. Reguleringsplanen tar ikkje standpunkt til privatrettslege tilhøve, og kan godkjennast uavhengig av om det er den eine eller andre parten som har rettar. Det er oppretta kontakt med grunneigar av 15/1, der det er føreslått å leggje nytt naust på nordsida av dei gamle murane, der grunneigar av 15/1 har sin rett i murane. Føreslått plassering av nytt naust på sørsida av murane ved rettane til 15/2 (slik det kjem fram av 1. høyringsutgåve) er teken ut.

Kommentarar frå fagkunnig slutt

----

### **Vurdering**

Det er fleire små endringar rundt om på kartet men det er to hovudendringar. Den eine er at dei høge dobbeltnausta, omtala som BUN1 er erstatta med låge enkeltnaust. Ein av BUN kategoriane blei da overflødige og alle naustområda har fått nye BUN namn. Dette får og naturleg nok konsekvensar i føresegnene. Den andre hovudforskjellen er at heile naustrekka (BUN1 og BUN2 i det nye kartet) er komprimert og flytta litt slik at ein får til ein gangpassasje for ålmenta både heilt i nord og i sør på naustrekka. Begge desse endringane er eit resultat av motsegnene som planen fekk.

Endringar i plankartet sidan høyringa:



Over: Plankart dagsett 04.03.2015 som blei lagt ut på høyring. Over: Plankart dagsett 16.02.2016 som er siste revisjon.

Følgjande endringar er blitt gjort i føresegnene etter offentlig utlegging.

Ny paragraf i fellesføresegnene: «§1.5 Alle tiltak i sjø og vassdrag som er omfatta av forureiningslova eller forureiningsforskrifta treng løyve frå forureiningsstyresmaktene.» Teksten i tidligare §1.5 er flytta til §1.6.

Ei lita endring i plankartet der føremåla BSB1 og BSB2 har bytta plass får konsekvensar for føresegna. §2.1.2 har no nummer §2.1.4, ordlyden er den same bortsett frå at BSB1 er bytta ut med BSB2.

Føresegna §2.1.4 er no §2.1.3, ordlyden er den same bortsett frå at BSB2 er bytta ut med BSB1. Det betyr at desse to områda i plankartet har byta namn men har dei same føresegnene og funksjonen knyt til seg som før.

Tidligare §2.1.3 er no §2.1.2 og har nesten same ordlyden som før bortsett frå at pirane er assosierte med føremåla BUN1 og BUN2. Tidligare blei dei assosierte med dobbeltnausta. Desse dobbeltnausta er tatt ut av planen.

§2.2.1 har fått siste setninga endra frå «Kaien er felles for naustrekkja BUN1 og BUN3, skal sikre tilgjenge på framsida av naustrekkja.» til «Kaien er felles for naustrekkja BUN1 og BUN2, skal sikre tilgjenge på framsida av naustrekkja, og vere ålmenn tilgjengeleg.»

§2.2.2 er no §2.2.3 og er endra frå «Innafor område f\_BBS3 kan det leggjast opp til felles båtopptrekk for BUN1 – BUN5 og eventuelle brukarar av BSB1.» til «Innafor område f\_BBS3 kan det leggjast opp til felles båtopptrekk for BUN1 og BUN2, samt eventuelle brukarar av BSB2 og BBS3 – BBS4.»



§2.2.3 er no §2.2.4 og er endra frå «Innafor område BBS4 ligg eksisterande kai.» til «Innafor område BBS4 ligg eksisterande kai som kan oppretthaldast.»

§2.2.4 er no §2.2.2 og er endra frå «Innafor område BBS5 kan det leggjast opp til småbåttrafikk inntil BSB1, og det kan etablerast utriggerar i området.» til «Innafor område BBS3 kan det leggjast opp til småbåttrafikk inntil BSB2, og det kan etablerast utriggerar i området.»

§2.3.1 er utvida med følgjande setning: «Naust skal nyttast til oppbevaring av båtar, samt båt- og fiskeutstyr.»

§2.3.2 er no 2.3.4 og er utvida med følgjande setning: «Maksimal mønehøgd er 5.0 meter målt på frontvegg mot sjø.»

§2.3.3 er teke ut av planen. Ny tekst er: «Innafor BUN3 kan det byggjast nytt naust i samanheng med naust innafor BUN4. Naust skal maksimalt vere 40 m<sup>2</sup> grunnflate, og skal nyttast til oppbevaring av båtar, samt båt- og fiskeutstyr. Naust skal ha maksimal mønehøgd på 5.0 meter målt på frontvegg mot sjø, og ferdig gulv skal liggje på maksimalt kote +1.5.»

§2.3.4 har også fått heilt ny tekst og dermed teke ut av planen. Den er allereie nemnt ovanfor under gamle §2.3.2.

§2.3.5 er flytta til §2.3.2 og var knytt til BUN2 og BUN3. Den er no knytt til BUN1 og BUN2. Ellest er følgjande setning teke ut: «Nausta skal nyttast til oppbevaring av båtar, samt båt- og fiskeutstyr.» Dette fordi den står allereie under §2.3.1 som også gjeld BUN1 og BUN2. Setninga var difor overflødig. Ei anna setning er teke inn heilt på slutten: «og ferdig gulv skal liggje på maksimalt kote +1.5.»

§§2.3.6 til 2.3.9 er uendra i ordlyden i dei nyaste føresegnene men nummera er forskyva og går no frå 2.3.5 til 2.3.8.

§4.1.1 er endra frå «Innafor arealet er det sett av 1.0 meter naturleg vegetasjonsbelte langs bekkane som motverker avrenning, jf. Vassressurslova § 11 om kantvegetasjon.» til «Innafor areala skal det setjast av eit vegetasjonsbelte langs bekkane.»

Ny føresegn §4.2.2: «Innafor LF2 og LF3 kan det leggjast til rette for at båtar blir sett inn i naust frå landsida.»

Ein av motsegnspunkta til NVE gjekk ut på at ein måtte ha tilstrekkeleg med kantvegetasjon langs bekken. Ein av årsakene til at kantvegetasjon er viktig er at røtene er med å halde saman elvebredda og redusera erosjonsfaren. Fagkunnig hadde ikkje kome med eit nytt kart som tok spesielt omsyn til dette punktet da rapporten frå Multiconsult vart levert. Administrasjonen gav fagkunnig eit val mellom å auke sona for kantvegetasjon eller argumentere for kvifor det ikkje var naudsynt. Fagkunnig ville ikkje auke sona, mellomanna fordi rapporten til Multiconsult konkluderte med at erosjonspotensialet til bekken var lite. Bekkefare er steinete og har lite vegetasjon i dag. Administrasjonen inkluderte denne informasjonen da den siste søknaden om trekking av motsegn blei sendt inn. Den er vedlagt.

Innkome merknader er handsama, og planframlegget er justert i tråd med desse, slik at det no kan gjerast endeleg vedtak for detaljregulering for Naustområde Gjerdsvik.

**Vedlegg i saka:**

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
28.10.2016	Føresegner Naustområde Gjerdsvik - 01.12.2015	1361376
28.10.2016	Plankart Naustområde Gjerdsvik 16.02.2016	1361377
28.10.2016	Fylkesmannen_Trekking av motsegn - detaljregulering for Naustområde Gjerdsvik 12.10.2016	1361378
28.10.2016	NVE trekker motsegn til detaljregulering for Gjerdsvik 11.10.2016	1361379
28.10.2016	Notat skred_Naustområde Gjerdsvik_Multiconsult_02.09.2016	1361380

**Saksgang:**

Komit  forvaltning  
Kommunestyret for endeleg vedtak.

**Utskrift til:**

Sakshandsamar